

Valprogram for Vestland Venstre 2020-2023

Vedteke på fylkesårsmøta i Jølster 3. februar 2019

Innhald:

1. Venstres verdigrunnlag	s. 2
2. Venstres Vestland	s. 2
3. Eit grønarare Vestland	s. 3
Eit leiande klima- og miljøfylke	s. 4
Naturvern	s. 4
4. Eit næringsvenleg og nyskapande Vestland	s. 5
Fiskeri og havbruk	s. 5
Gründerskap	s. 6
Landbruk	s. 7
Reiseliv og kulturbasert næring	s. 7
5. Vidaregåande opplæring	s. 8
Skulemiljø og førebygging av fråfall i vidaregåande skule	s. 9
Yrkesfag	s. 10
Studieførebuande opplæring	s. 11
6. Kunst, kultur og frivilligheit	s. 11
Kunst og kultur	s. 11
Frivilligheit	s. 13
Idrett og friluftsliv	s. 13
7. Folkehelse	s. 13
8. Samferdsle	s. 14
Mobilitet	s. 15
Fylkesvegane	s. 15
Miljøvenleg transport og mjuke trafikantar	s. 16
Skinnegåande transport	s. 16

1. Venstres verdigrunnlag

Venstre er Norges einaste sosialliberale parti. Venstres idéfundament og ideologi er forankra i respekten for den enkelte sitt menneskeverd, den enkelte sitt sosiale ansvar, eit liberalt verdissyn og eit økologisk heilskapssyn.

Venstre vil arbeide for eit samfunn som byggjer på demokrati, rettsstaten, ein regulert marknadsøkonomi og eit aktivt sivilsamfunn. Venstre ynskjer at mykje fridom for den enkelte må kombinerast med samfunnsånd og medansvar for å møte fellesskapet sine behov og utfordringar.

Menneskeskapte klimaendringar med tap av natur og artsmangfald er vår tids største utfordring. Klima- og miljøpolitikken må derfor vere førande for alle andre politikkområde. Vidare må folkehelseperspektivet gjennomsyre alle samfunnsområde.

2. Venstres Vestland

Frå 2020 vert fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland slått saman til Vestland, som vil bli ein av landets største og mest livskraftige fylke.

Venstre helsar regionreforma og det nye fylket velkommen. Som liberalt parti er det eit mål at vedtak skal takast nærast mogeleg innbyggaren, og vi vil at reforma skal medføre reell desentralisering av makt, fleire oppgåver, ressursar og kompetanse frå staten til Vestland fylke. Slik vil vi styrka demokratiet og samfunnsutviklinga i fylket vår. Målet på sikt er å få til eit samla fylke for heile Vestlandet, som får endå større grad av sjølvstyre, innanfor område som samferdsel, areal- og miljøforvaltning, ressursforvaltning, utdanning, helse, kultur og næringsutvikling.

Våre særlege fortrinn og ressursar, identitet og historie gjev grunnlag for ein ny og berekraftig Vestlandsregion. Venstre vil nytte dei rike natur- og kulturressursane våre for å skape vekst, utvikling og arbeidsplassar i heile regionen.

Bergen er vår sterke fylkeshovudstad og i alle deler av fylket har vi livskraftige småbyar, tettstader og bygder. Å vidareutvikla samspelet mellom Bergen, tettstadene og bygdesamfunna våre vert sentralt for Venstre, når vi no skal gå i gang med å utvikla Vestland. Vi vil vidareutvikle eit næringsliv i verdensklasse, stimulere til sterke oppvekst- og kunnskapsmiljø og fremje ei berekraftig forvaltning av vårt unike natur- og kulturlandskap. Vår felles kulturarv gjer Vestland til ein kulturell spydspiss, nasjonalt og internasjonalt.

Nynorsk er ein viktig del av vestlendingen sin identitet som det offentlege har eit ansvar for å ta vare på. Sjølv om nynorsken står støtt i Vestland fylke, er språket under press. Vestland fylke må ha nynorsk som administrasjonsspråk. Det nye fylket vil vere ein stor og viktig tekstprodusent som kan bidra til at innbyggjarane møter meir nynorsk i sin bokmålsdominerte kvardag. Vestland fylke må verne om og utvikle nynorsk som eit fullgodt bruksspråk på alle område i samfunnet.

Eit sterkt Vestland med styrka makt og oppgåver må også arbeide for vidare utflytting av statlege arbeidsplassar frå Oslo. Det skal bidra både til å både spreie makta i landet, og skape auka grunnlag for vekstkraftige bu- og arbeidsmarknadar i heile regionen.

Venstre vil:

- bruke våre naturgjevne fortrinn for å skape vekst og utvikling
- nytte teknologi og digitalisering som verktøy for å korte ned avstandar, kommunisere og løyse oppgåver uavhengig av geografiske avstandar
- at fylkeskommunen skal leggje stor vekt på det kommunale sjølvstyret i plansaker
- arbeide for at ytterlegare oppgåver vert overførte frå staten til folkevalde regionar, til dømes barnevern, kulturoppgåver og helse
- aktivt leggje til rette for at byane og dei større tettstadane i fylket kan utvikle seg på ein måte som fremjar utbane kvalitetar, for å tiltrekkje seg unge menneske til fylket. Fylkeskommunal og statleg verksemd bør lokaliserast slik at den medverkar til god lokal by – og regionsenterutvikling.
- flytte ut og spreie statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til alle delar av fylket
- bidra til å utvikle attraktive bu- og arbeidsmarknader og sterke regionsentra, med breie tenestetilbod og sterke kunnskaps- og innovasjonsmiljø. Statlege arbeidsplassar og institusjonar må lokaliserast slik at dei medverkar til god lokal by- og regionsenterutvikling.
- auke det internasjonale samarbeidet, særleg innan klima og kulturspørsmål
- vidareføre og styrke Nordsjøsamarbeidet i heile fylket
- styrke Vest-Noregs Brusselkontor
- at utviklinga av byar og tettstader skal ta omsyn til viktigheita av kultur og kulturbaserte næringar i sentrum
- stadfeste nynorsken sin plass på alle område i samband med fylkessamanslåinga
- at Vestland fylke skal ha nynorsk som administrasjonsspråk
- at alle tekstar som fylkeskommunen betaler eksterne tekstprodusentar for, bør leverast på nynorsk
- alle underavdelingar av fylkeskommunen skal bruke nynorsk i heile fylket.
- arbeide for at kommunane tek eit aktivt val om nynorsk som administrasjonsspråk

3. Eit grønarare Vestland

Menneskeskapte klimautfordringar og tap av natur- og artsmangfald er vår tids største utfordring. Å kutte klimagassutslepp, ta vare på naturen og forvalte naturressursar og areal på ein berekraftig måte er naudsynt for å sikre jorda for generasjonane som kjem etter oss. Samtidig gjev det også nye moglegheiter for god livskvalitet og verdiskaping. Venstre vil gjere det enklare for innbyggjarane i Vestland å velje miljøvennleg, uansett om ein bur i by eller bygd.

Vestland har eit næringsliv som er heilt i front nasjonalt og internasjonalt på mange område, mellom anna i marine og maritime næringar, energiproduksjon og kraftkrevjande industri. Venstre vil leggje til rette for at heile næringslivet kan satse på grøn innovasjon og fornying, og at Vestland tar ein leiande posisjon i utvikling og bruk av nye fornybare energiformer.

Vestland fylkeskommune skal ta ei aktiv rolle i å oppfylle Paris-avtalen og FN sine berekraftmål. Vestland fylke skal vere klimanøytralt innan 2030.

Eit leiande klima- og miljøfylke

Venstre vil:

- setje fornybar energi og teknologi først i all næringspolitikk og samferdslepolitikk
- auke satsinga på utvikling av ny fornybar energi, særleg knytt til hydrogen og offshore vindkraft
- stø opp om NCE Maritime CleanTech og andre klyngesamarbeid i Vestland innanfor grøn maritim industri
- bidra til å utvikle industri som produserer avansert biodrivstoff basert på råstoff frå avfall og skog.
- innføre tiltak for å produsere meir marin biomasse til mat- og energiproduksjon, og å vidareutvikle fiskeri og havbruk som berekraftige næringar
- at fylkeskommunen konsekvent skal kjøpe inn låg- og nullutsleppskeyretøy til bruk i offentleg teneste og transport.
- at alle fylkeskommunale innkjøp skal vere miljømerka og at alle leverandører skal vere klimanøytrale
- ha utsleppsfrie fylkeskommunale byggjeplassar innan 2025
- at Vestland fylkeskommune i nybygg og rehabilitering skal leggje til grunn EU-direktivet om "nær nullenergibygg", og bruke meir tre som byggmateriale
- redusere matsvinn og auke bruken av plantebasert mat i offentlege kantiner
- arbeide for at staten gjennom Enova prioriterer landstraum til hamner og ferjekaiar i Vestland fylke, og at hamner utnyttar potensialet som lova gjev til auka eigeninntekt.
- medverke til at kommunane i Vestland blir klimanøytrale
- at Vestland skal vere førebudd på klimaendringane gjennom å satse på klimatilpassing

Naturvern

Venstre vil:

- kartleggje og ta vare på naturmangfald i Vestland fylke
- trappe opp satsinga på å hindre spreiding av framande artar, og fjerning av slike
- styre utbygginga av kraftverk i samsvar med vedtekne planar og leggje vekt på landskapsvern, friluftsliv og biologisk mangfald
- unngå høgspennliner i luftspenn der det kjem i konflikt med viktige natur- og landskapsvernomsyn. Jobbe for at sjøkablar blir tatt i bruk som eit alternativ.
- prioritere vasskraftutbygging med magasin og utbygging der det er naturinngrep frå før. Og unngå/avgrense vasskraftutbygging i urørt natur
- at Vestland skal ha ein samla fylkesdelplan for vindkraft, som tek sterkare omsyn til urørt natur og kommunen sine meiningar om dette
- halde fram ordningar som sikrar nasjonale laksefjordar og laksevasdrag
- arbeide for å redusere utslepp av miljøgifter og førekomst av miljøgifter i sjø, og vere svært restriktive til nye utsleppsløyve
- seie nei til dumping av miljøskadeleg gruveavfall i fjordane
- redusere bruken av vegsalt
- sikre reine fjordar, hav, sjøar, elvar og strender i Vestland - fri for plast og anna forureining - mellom anna gjennom å støtte Friluftsråda sitt arbeid

4. Eit næringsvenleg og nyskapande Vestland

Vestland Venstre meiner det nye fylket skal ha ei berekraftig utvikling av næringslivet og vere verdsléiande på einskilde område. Vi skal ha sterk konkurransekraft om menneskelege ressursar og kapital. For å lukkast med dei høge ambisjonane må vi ha ei grunnleggande positiv haldning til berekraftig næringsutvikling, medverka til utvikling og knoppskyting frå eksisterande næringsliv og ny verksemd frå gründerar.

Vestland er langt framme i høve det grøne skiftet. Dette skjer raskare og raskare med teknologiske endringar som gir moglegheter det er viktig at vårt næringsliv dreg nytte av både i eit klima og miljø- og verdimesseige perspektiv. Fiskeri- og havbruksnæringa, olje- og gassnæringa, maritim og marin sektor, er viktige bidragsytarar for å få fram meir framtidsretta og klimavenlege teknologiske løysingar for matproduksjon, CO2 fangst og generell omstilling på viktige område der Noreg er i front på verdsmarknaden.

Utviklinga innan digitalisering vil i stadig sterkare grad påverke kvardagen vår. Vestland fylke har alle føresetnader for å kome styrka ut av, og å vere ei drivkraft i, denne utviklinga. Samspelet mellom offentleg og privat sektor er vesentleg slik at vi dreg i same retning. Gjennom overordna strategiske planar, føreseielege rammevilkår, utvikling av framtidsretta arbeidskraft og kompetanse og gode løysingar for samferdsle vil vi kunne få til dette. Landbruk og reiseliv er to av berebjelkane for matforsyning, kulturlandskap, verdiskaping, busetnad, kultur og identitet i vår region.

Reiselivssektoren har lange tradisjonar i Vestland, og står for ein viktig del av verdiskapinga.

Skogreising og meir bruk av trevirke er ein viktig ressurs for verdiskaping i distrikta, samtidig er det et effektiv klimatiltak for meir CO2-binding.

Venstre vil:

- vidareføre, styrke og vidareutvikle fylkeskommunale planar for kysten
- styrke samspelet mellom FoU-institusjonar og næringslivet, for endå betre å imøtekome behova til næringslivet og halde fram satsinga på inkubatorar og næringshagar.
- leggje til rette for innovasjon i etablerte næringar som allereie har gode føresetnader for vekst og utvikling
- bidra til klyngeutvikling og utvikling av nye, innovative næringsmiljø med vekstpotensiale
- vidareføre arbeidet med lokalmat og Vestland som matkulturregion
- arbeide for ein innkjøpspolitikk som fremjar miljøvennlege og lokale kjøp, og stimulerer sosial verdiskaping
- at alle bedrifter og innbyggjarar i Vestland fylke, gjennom samarbeid mellom offentlege styresmakter og næringslivet, skal ha tilgang til godt breiband innan 2025
- ha eit godt samarbeid med høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar i fylket

Fiskeri og havbruk

Rein og produktiv kyst gjev Vestland eit fantastisk grunnlag for hausting og produksjon av sjømat. Målet er at dette skal vare i all tid. Derfor er det også viktig at denne matproduksjonen og hausting av havet er kunnskapsbasert, og vert forvalta i godt samspel mellom det offentlege og næringane.

Venstre ser det som særskilt viktig å ivareta det biologiske mangfaldet og naturen sitt eige økosystem. Samstundes vil vi inspirere til innovasjon og utvikling i tradisjonelle og nye havnæringar.

Berekraftig hausting og dyrking av marine ressursar skal være motorar i utviklinga av det fornybare Norge. Vestland er blant dei fremste i verda innan havbruk, og vi er leiande på forskning innan dyrking og hausting av tang, tare, algar og anna marin forskning.

Vestland Venstre vil ha ei berekraftig fiskeri- og havbruksnæring. For Vestland og Noreg er det viktig at næringa satsar vidare på innovasjon og utvikling som styrkar grunnlaget for langsiktige og stabile arbeidsplassar i dei blå næringane.

Fiskeri er ein solid bærebjelke for busetnaden og aktiviteten på kysten i Vestland. Det skal det vere også i framtida. Stabile og føreseielege reguleringar og strukturtiltak i fiskeria, bør basere seg på dagens forvaltnings- og reguleringsregime.

Det må ikkje tildelast nye konsesjonar for oppdrett i område der dette kan påverke livsløpet til vill laks og sjøaure. Det må ikkje opnast for vekst i produksjonsvolumet i område som er raude i trafikklyssystemet fordi det er for mykje lakselus. Venstre vil arbeide for å få redusert lusepåslaget i kystområda slik at vi kan få til ein berekraftig vekst i havbruksnæringa.

Dei statlege fiskerihamnene vert overførde til fylkeskommunen frå 2020. Fylkeskommunen må få tilført nok midlar til å utføre denne viktige oppgåva.

Venstre vil vidareføre ordninga med Havbruksfondet slik det er i dag.

Venstre vil:

- at Vestland skal vere eit internasjonalt kraftsenter for marin kompetanse også i framtida
- leggje til rette for utvikling av ny teknologi innan fiskeoppdrett gjennom å prioritere konsesjonar til oppdrett i lukka einingar
- vere ein pådrivar for at vi kan auka haustinga av den blå åkeren basert på ny kunnskap og ny teknologi
- hindre forsøpling av hav- og kystområda våre
- auka satsinga på kvalitet i alle ledd i fiskerinæringa og auke bruken av restråstoff frå fiskeria i anna næringsverksemd
- at føre-var prinsippet må gjelde der nye aktivitetar relatert til fjord, sjø og hav kan gje skade på miljøet
- verne gyte- og oppvekstområde for alle viktige kystfiskeartar
- jobbe for at fylket vert tilført nødvendige midlar for å vedlikehalde eksisterande fiskerihammer
- jobbe for at nye fiskerihammer vert bygde der det er nødvendig

Gründerskap

Vestland Venstre vil at Vestland fylke skal bli leiande på næringsutvikling i Noreg, og vil føre ein politikk som fremjar nyskaping og gründerskap. Her er Ungt Entreprenørskap i skulen særleg viktig. Ein vesentleg del av elevar med utdanning i entreprenørskap startar eiga verksemd.

For Venstre er det grunnleggande at det offentlege og fellesskapet skal være positive til ønsket om å vere sjølvstendig næringsdrivande. Fylket si haldning må vere at det skal vere attraktivt og positivt at innbyggjarar i Vestland ønsker å skape arbeidsplassar for seg sjølv og andre. Ønske om å realisere draumar må vere attraktivt og ikkje føra til ein vanskeleg økonomisk situasjon.

Venstre vil:

- styrke satsing på Ungt Entreprenørskap i vidaregåande skule
- følgje opp nystarta verksemder med internasjonalt vekstpotensiale
- halde fram satsinga på inkubatorar og næringshagar
- ha moderne infrastrukturløysingar
- jobbe for betre infrastruktur for sosialt entreprenørskap, og vurdere støtteordningar som medverkar til at fleire sosiale entreprenørar kan lukkast
- støtte arbeidet med å etablere ein entreprenørskaps-folkehøgskule på Stord
- vere positiv til oppretting av «nye Makerspace» i Vestland fylke og støtte opp om samspel mellom næringsliv, vidaregåande opplæring og/eller høgskular
- vere positiv til lokale øl-, cider- og vinfestivaler

Landbruk

Vestland Venstre ønskjer ein berekraftig matproduksjon med lågast mogeleg utslepp, og som sikrar trygg mat til innbyggjarane. Det må særleg satsast der vi har naturgjevne tilhøve, som frukt- og bærdryrking i fjordbygdene, og dyrehald der vi har rike beiteressursar. Venstre vil støtte opp om utviklinga som skjer innan småskalaproduksjon og kortreist mat.

Venstre vil:

- leggje til rette for meir småskalaproduksjon
- styrke satsinga på frukt, bær og grønsaker i fylket
- nytte dei rike grovfôr- og beiteressursane i inn- og utmark
- verne om matjorda ved streng praktisering av jordvernet
- støtte opp om NIBIO sine forskingsstasjonar og Njøs frukt- og børsenter
- medverke til auka matproduksjon i byar og bynære strøk, t.d. parsellhagar
- ha ei støtteordning for bønder som arrangerer «open gard» for publikum
- leggje til rette for å skape sterkare møteplassar mellom lokale matprodusentar og restaurantar
- ha fokus på tiltak som styrkar vår konkurranseevne, t.d. beskytta geografisk nemning

Reiseliv og kulturbasert næring

Vestlandet har fantastiske fjordar og natur som kvart år fører millionar av reisande til regionen. Venstre sitt mål for reiselivsutviklinga er at Vestland fylke skal vere eit godt område å bu og leve i, og å reisa til. Vi vil ha berekraftige destinasjonar, som i større grad tek i bruk heile fylket, heile året. Venstre vil at vi skal satsa på kvalitet framfor kvantitet. Vi vil trekkja til oss fleire turistar som vil oppleve naturen og kulturen framfor masseturisme som t.d. cruisenæringa representerer.

Samarbeid innan reiselivet i fylket er viktig i ein sterk global konkurranse. Reiselivet i vår region har vore flinke, men det er viktig å styrke og betre dette samarbeidet, slik at fleire turistar kjem til Vestlandet - heile året

Venstre vil:

- stø opp om NCE-satsinga, vidareutviklinga av destinasjonsselskap, og arbeide for betre kompetanse i sektoren.
- støtte opp om produktutvikling i reiselivet som sikrar meir lønsame og berekraftige reiselivsprodukt
- utvikle attraksjonar knytt til viktige kulturhistoriske landskap i fylket
- at samspelet mellom reiselivs- og kulturverksemder skal bidra til auka aktivitet
- støtte opp om Nærøyfjorden verdsarvpark, verdsarvsenteret på Bryggen og etableringa av eit verdsarvsenter på Urnes
- leggje til rette for verdiskaping knytt til kulturminne
- ha nasjonale retningslinjer for cruisetrafikken som gir kommunane høve til å setja tak på tal skip/besøkande dei tek i mot pr. dag og stilla klima- og miljømessige krav næringa må innfri
- jobbe for at reiselivsdestinasjonar vert sertifiserte innan berekraft.
- vidareutvikle prosjektet «Travel like the locals».
- støtte prosjekt og attraksjonar som har til hensikt å styrke kunnskapen om landskap og økosystem, slik som Marheim-prosjektet i Fjærland
- løfte også kysten som reisemål

5. Vidaregåande opplæring

Skuleeigarane si rolle er å setje skulane og lærarane i stand til å gjere jobben sin på ein best mogleg måte, og å sikre både valfridom for den einskilde, og ei god geografisk spreing av skular i fylket. Det er viktig å ha eit mangfald av vidaregåande skuletilbod i Vestland, både når det gjeld linjeval og skulen sin måte å drive på.

Ein god dialog mellom skulane og næringslivet må bidra til at også nærings- og arbeidslivet sine behov er relevant ved vurderinga av kva opplæring som skal verte tilbydd. Ein sentral del av dette er å styrke elevane sine moglegheiter for integrert praksisopplæring i bedrift.

Ordninga med fritt skuleval for elevane må halde fram i det nye fylket, slik at elevane får moglegheit til å velje skule kvar dei vil i heile det nye fylket. Samstundes ser Venstre det som viktig at elevar i så stor grad som mogleg skal kunne gå på skule i sitt eige nærmiljø, noko som må sikrast gjennom å sikre gode skulemiljø i nærområda og god valfridom når det gjeld linjetilbod i alle regionar, og vil vurdere opptakskriteria på ein slik måte at dette kan sikrast. Det må stillast reisegaranti for elevar som ikkje kjem inn på fyrstevalet sitt, og som ei fylgje av det må flytte på hybel. Maks reisetid heim-skule må ikkje overstige 1 time.

Venstre er oppteken av at alle elevar i vidaregåande skule vert sikra opplæring på sitt eige nivå, og at det må leggjast til rette for tilpassa opplæring for elevar med ekstraordinære behov knytt til dysleksi, lærevanskar, språk m.v.

Venstre vil:

- sikre at skulestrukturen i Vestland fylke framleis er desentralisert og gje elevane god moglegheit for plass på nærskulen
- sikre at fritt skuleval held fram i heile fylket
- redusere fråfallet i skulen

- leggje til rette for at nynorskelevar held på nynorsken gjennom heile den vidaregåande skulen, og setje i verk tiltak for å stogge språkskiftet frå nynorsk til bokmål somme stadar i fylket
- at alle dei vidaregåande skulane må administrere seg og marknadsføre seg på nynorsk
- at alle skular i Vestland skal være universelt utforma og tilpassa alle grupper elevar
- sikre at alle elevar i vidaregåande skule får dei undervisningstimane dei har krav på
- gje lærarane meir tid til undervisning gjennom reduserte krav til rapportering
- auke satsinga på internasjonalisering for elevar i den vidaregåande skulen på studiespesialiserande og yrkesfag.
- dimensjonere utdanningstilbodet i den vidaregåande skulen meir i samsvar med næringslivet sine behov og framtidens utfordringar og etterspurnad
- utvikle pilotprosjekt for nynorsk formidling i vidaregåande skule
- oppretthalde Manger folkehøgskule som eit senter for korpsmusikk
- gje høve til eksamen om sommaren, også for dei som ikkje tek sommarskule
- fagskulane må vidareutviklast, i nært samarbeid med vidaregåande- og høgskular
- sikre ei god seksualundervisning på vidaregåande skule
- seie nei til narkotikaaksjonar med hund på vidaregåande skular i Vestland
- undersøkje høvet for nettbaserte skulefag som supplement til vanlege fagtilbod
- at elevane i vidaregåande opplæring må få prøve seg meir ute i arbeidslivet
- vidareutvikle skreddarsydde utdanningstilbod retta mot innvandrarar
- sertifisere dei vidaregåande skulane som dysleksivenlege skular.
- jobbe for at elevane i ungdomsskulen får betre informasjon om dei ulike vidaregåande skulane og utdanningsmogelegheitene
- at fylkeskommune og vidaregåande skule skal samarbeide om desentraliserte opplegg på høgskule – og universitetsnivå
- at nye elevplassar som hovudregel bør opprettast i den offentlege skulen, men utan at dette stenger for ønska mangfald i det samla tilbodet

Skulemiljø og førebygging av fråfall i vidaregåande skule

Godt skulemiljø er ein av dei viktigaste faktorane for å motivere elevane til skulegang og unngå fråfall. Å gjere alt som er mogleg for å hindre mobbing og skape gode og inkluderande skulemiljø er ei av fylkeskommunen sine viktigaste oppgåver.

Fråfall i den vidaregåande skulen er ei stor utfordring for samfunnet. På alle nivå i grunnskulen kan effektive tiltak setjast i verk for å hindre fråfall i den vidaregåande skulen. Det er naudsynt med samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen.

Informasjonsutvekslinga må betrast samtidig som personvernet til elevane vert teke vare på. Det må være samarbeid mellom ungdomsskulane og vidaregåande skule for å sikre gode overgangar og god rettleiing om karriere- og utdanningsval.

Venstre ser det som viktig å styrke skulehelsetenesta for å redusere fråfallet, og vil også vurdere å ha tilsette på skulen med særskilt ansvar for skule- og elevmiljøet, det være seg i lærarstaben eller særskilde miljøarbeidarar. Skulane skal vere rusfrie, og det er viktig at politiet og helsevesenet mfl. arbeider målretta med førebyggjande arbeid.

Venstre vil at skulane skal tilby gratis leksehjelp/ekstraundervisning til dei som treng det.

Venstre vil setje strengare krav til rådgjevarane sin kompetanse ved at rådgjevarane skal ha ei heilskapleg forståing for samanhengen mellom elevane sine føresetnader, skulane sine tilbod og kva næringslivet treng.

Venstre vil:

- styrkje rådgjevarane si kompetanse og rolle overfor elevar som treng rådgjeving om val av studieretning
- betre opplysning om alternative vegar til fagbrev
- prøve ut ordningar for elevar med særskilde utfordringar som har mista retten til vidaregåande opplæring. I dette ligg det m.a. styrking og utvikling av produksjonsskuletilbodet.
- stø opp om, og følge opp mobbeombodet og elev- og lærlingeombodet sitt arbeid og tilrådingar
- sørge for at det vert gjeve undervisning i livsmeistring
- styrke skulehelsetenesta og gi bidrag til kommunane slik at den kommunale helsesjukepleiartenesta vert utvida i vidaregåande skule
- ha skulefrukost på alle vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune. Dette kan gjerast i dialog med frivilligheita og kommunane
- ha ein skulestruktur som gjev eit godt tilbod også i distrikta
- ha forventningar om at hybelbuarar på vidaregåande skule får god oppfølging av vertskommunen, mellom anna med tilgang til kulturskule og godt tilbod om psykososial oppfølging og andre helsetenester

Yrkesfag

Dei yrkesfaglege studieretningane i den vidaregåande skulen er det viktigaste satsingsområdet for Venstre i denne perioden. Yrkesfag representerer ei av dei viktigaste kjeldene til næringsutvikling og nyskaping på Vestlandet, samstundes som utfordringar knytte til fråfall er størst i denne delen av opplæringa.

Venstre vil auke fokuset på arbeidstrening og nyetablering ved å styrke samarbeidet med det lokale næringslivet og satse vidare på elevverksemder og gründerkurs.

Elevar på yrkesfag må få høve til ei meir fleksibel læretid, både med omsyn til korleis læretida vert lagt opp, og når det gjeld tidspunkt. Alle elevar bør få lærlingplass, og oppfølginga av den einskilde lærling må bli betre

Venstre vil:

- styrke samarbeidet med det lokale næringslivet om arbeidstrening og elevverksemder
- jobbe for at alle lærlingar får læreplass. Dette inneber at det offentlege må tilby fleire læreplassar, og at anbods krav knytt til lærlingar må handhevast og styrkast
- ha oppfølging og god kontakt mellom skule og lærlingar
- auke satsinga på opplæringskontor
- styrke og utvide ordninga med lære kandidatatar
- ha auka satsing på marknadsføring av yrkesfaga
- oppdatere utstyrsparkane slik at dei svarer til det ein finn elles i arbeidslivet. Det er her naudsynt med eit nært samarbeid med eksisterande næringsliv for også å kunne sikre dette utanom skulane sine lokale.

Studieførebuande opplæring

Den studieførebuande opplæringa i Vestland kan styrkast gjennom betre samarbeid med dei høgare utdanningsinstitusjonane i fylket. Venstre vil gjere det enklare for skulane å gjere bruk av kompetanse frå universitet og høgskular, til dømes gjennom å gje skuleelevar høve til å følgje undervisning på høgare nivå.

Studierådgevinga må ha kontakt med dei høgare utdanningsinstitusjonane og næringslivet. I tillegg er det viktig med eit større fokus på entreprenørskap og nyetablering, og med det å sikre at elevane er medvitne om korleis dei skal omsetje kunnskap til praktisk nytte og eiga utvikling.

Venstre vil:

- styrke samarbeidet mellom skulane og dei høgare utdanningsinstitusjonane
- auke fokuset på entreprenørskap og nyetablering i skulen
- ha elevverksemder på alle vidaregåande skular
- betre studierådgevinga

6. Kunst, kultur og frivilligheit

Kunst og kultur

Kunst og kultur har eigenverdi og skaper refleksjon og innsikt om verdier, samfunn og kva det vil seia å være menneske.

Kulturpolitikk handlar om å stimulere og leggje til rette for sosiale arenaer der eit breitt spekter av kulturuttrykk får utfalde seg. Kunstpolitikk handlar om deltaking og om å styrke samhold ved å bringe fram nye kunstnariske ytringar. God kunst og kulturpolitikk er demokratibyggande. Den vil på same tid styrka limet i samfunnet og vera arena for meningsytring og mangfald. Kunst som utfordrar utløysar samtalar.

Kunst- og kulturpolitikken skal stå på skuldrane til den vitale vestlandske kulturarven og aktivt støtte og arbeide for at ny musikk, scenekunst, skrivekunst og visuell kunst frå Vestlandet ligg i bresjen og set agendaen i kraft av å vera nyskapande og aktuell. Kunst og kultur er vesentlege og nødvendige bidragsytarar for nærings- og distriktsutvikling i heile Vestland fylke.

Det er på tide med eit vestlandsk kulturløft. Vestland, med Bergen som fylkeshovudstad og kulturelt tyngdepunkt, er eit fyrtårn for kultur i Noreg. Fylket vårt har eit yrande og variert kulturliv med internasjonalt nedslagsfelt. Men dette kulturlivet står i fare, då vårt område lir av alvorleg mangel på statleg finansiering av kulturbygg. Der andre kan ha problem med tomme kulturhus, har Vestland og Bergen eit overskot av kunst som manglar arenaer å vise den på.

Statlig finansiering av kulturbygg, er urimeleg sentralisert i Oslo. Dette er eit stort problem, ikkje berre for Vestland og Bergen, men for heile Noreg utanfor hovudstaden. Vestland Venstre vil arbeide mot denne trenden. Vi vil jobbe for ei sterk vidareføring og vidareutvikling av kulturfeltet i Bergen og Vestland, gjennom auka statlig finansiering av kulturbygg i fylket.

Vestland Venstre vil også prioritere å bidra til finansiering av viktige kulturbygg der det er naturleg med spleiselag for stat, fylke og kommune.

Venstre vil styrke dei profesjonelle kunst- og kulturmiljøa i heile Vestland, til dømes Opera Nordfjord, Ole Bull-akademiet mfl.

Samspelet mellom profesjonelle og frivillige kulturtiltak må styrkast.

Venstre vil styrke nynorsk i opplæring og næringsliv, forvaltning og kultur. Mellom anna vil vi styrke nynorske kulturelle fyrtårn som Nynorskens Hus i Førde og Hordaland Teater i Bergen. Vestland Venstre vil løfte fram nynorske forfattarar som Olav H. Hauge og Jakob Sande, men også stimulere til ny nynorsk litteratur.

Venstre vil:

- styrke dei økonomiske vilkåra for produksjon av ny musikk, scenekunst, visuell kunst og skrivekunst
- styrke møtestadene og arenaene der kunst vert framført og presentert
- gjera terskelen lågare, slik at fleire kan ta del i kunst og kulturopplevingar
- arbeide for eit risikofond for prosjekt som formidlar kunstopplevingar til nye grupper og gjere slike opplevingar til ein større del av folk sine liv
- vidareutvikle biblioteka som møtestader for menneske med ulik kulturell og sosial bakgrunn
- styrke biblioteket som aktiv kulturformidlar og som debattarena med breidd og høg kvalitet
- arbeide for best mogeleg kontakt og samhandling mellom de ulike etniske grupper og kulturar i Vestland fylke, og vil etablere et fagleg råd med deltakarar frå akademia og andre relevante kretsar som kan bidra med rådgjeving og kvalitetssikring i denne viktige brubygginga.
- styrke kunst- og kulturinstitusjonane sitt fokus på ungdom som publikum og kulturforbrukarar
- auke nynorsk produksjon i Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken
- stø arbeidet med utviklinga av eit Nynorskens Hus i Bergen og i Førde
- bruke Ivar Aasen-tunet (Ørsta) og Olav H. Hauge-senteret i Ulvik aktivt for å formidle den nynorske skriftkulturen til elevar i fylket
- sikre satsing på kystkultur og fartøyvern
- vidareutvikle produksjons- og formidlingsmiljøet for film på Vestlandet
- jobbe for at Gulatinget vert nasjonalt tingstadsenter
- arbeide for nasjonal og regional støtte til markeringa av Moster 2024 - 1000 års jubileum for innføring av kristenretten i Norge, som heng saman med Gulating, Norges eldste tingsete og ein viktig institusjon frå eldre norsk historie
- styrke arbeidet med digitalisering, vern og formidling av tradisjonsmateriale i fylket. Arbeidet hjå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane må vidareførast for heile fylket, i samspel med andre arkivinstitusjonar, som til dømes Bergen byarkiv
- stø opp om Economusee-nettverket, med aktive produsentar og formidlarar av vestlandsk kultur- og handverksproduksjon, slik som Oselvarverkstaden, Syse gard, Aurlandskoen m.fl
- styrke musea sine vilkår for drift og investeringar
- vidareutvikle bokbåt-tilbodet til fjord-, kyst- og øysamfunn i alle deler av fylket
- sikre Sentralbadet som eit nytt scenekunsthus for BIT teatergarasjen og Carte Blanche

Frivilligheit

Frivillige, lag og foreiningar sørger for eit mangfaldig fritidstilbod til alle innbyggjarar og bidreg til aktive, dynamiske og robuste lokalsamfunn. Fysisk aktivitet og sosiale nettverk har ein positiv effekt på folkehelsa og bidreg å til å førebyggje einsemd, depresjon, rus, kriminalitet, psykiske helseproblem mm.

Vestland Venstre ynskjer meir og betre frivilligheit og vil styrke samhandlinga mellom offentleg og frivillig sektor. Vi vil utvikle en heilskapleg frivilligheitspolitikk for Vestland fylke med visjonar for vekst og utvikling i heile sektoren.

Vestland Venstre ynskjer at paraplyorganisasjonar som har fylkesledd innanfor frivillig sektor skal samarbeide og opprette eit fellesskap. Dette vil styrke kunnskapen om feltet, optimalisere engasjementet, samkøyre kunnskap og utvide engasjementet i befolkninga.

Vestland Venstre ynskjer å satse på fylkesledd som Frivillig Hordaland og Sogn og Fjordane.

Idrett og friluftsliv

Idrett er viktig både for å fremje folkehelse, ideal og sunn konkurranse.

Friluftslivet er ei viktig kjelde til trivsel og folkehelse.

Fysisk aktivitet har ein positiv effekt på folkehelsa, anten det er gjennom idrettsaktivitetar eller som aktivitet i friluftslivet.

Venstre vil:

- utvikle eit breitt og variert friluftstilbod til barn og unge gjennom medverknad
- inkludere fleire personar med funksjonshemmingar og fleirkulturelle i idretten gjennom tilrettelagde arrangement og aktivitetar
- leggje til rette for at unge, lovande idrettsutøvarar får utvikle seg i lokalmiljøet og regionen. Støtte idretten blant anna ved å satse på gode anlegg og vurdere vidareutvikling av ordninga med fylkesanlegg
- styrke satsing på anlegg for uorganisert fysisk aktivitet
- sikre og støtte tilrettelegging i nærleiken av bustadområde, tettstader og byar
- leggje til rette for meir fysisk aktivitet i den vidaregåande skulen
- satse på prosjekt for merking og gradering av turløyper
- vidareføre det gode samarbeidet med friluftsråda
- stimulere til auka fysisk aktivitet hjå born og unge

7. Folkehelse

Folkehelseperspektivet er å fremje helse og å førebyggje. Helsefremjande arbeid er definert som ”den prosess som gjer folk i stand til å betre og bevare si helse”, medan førebygging oftast er retta mot spesifikke risikofaktorar. Helsefremjande arbeid skaper leve- og arbeidsforhold som er trygge, stimulerande, tilfredsstillande og gir auka trivsel. For å lukkast må folkehelseperspektivet som eit overordna prinsipp takast med inn i alle område. Venstre skal synleggjere gjennom vår politikk konkrete tiltak som både er helsefremjande og førebyggjande og slik ha folkehelseperspektivet med i alt vi gjer innan alle politikkområde.

Nullvisjon for omkomne og skadde i trafikken er eit godt døme på å ha folkehelseperspektivet med inn i trafikksikringsarbeidet. Det kan vi overføre til andre område. Venstre vil ha tiltak

som kan bidra til å førebyggje sjølv mord. Alle har ei psykisk helse, og nokon har utfordringar med den. Press på dei unge særskilt har ført til at fleire slit med si psykiske helse. Helsefremjande arbeid skal støtte personleg og sosial utvikling ved å sørge for informasjon, helseopplysning og kunnskap om meistringsteknikkar.

Alle høyrer til eit lokalsamfunn, og mange deltek i ulike lag og organisasjonar. Aktiviteten som vert utført av frivillige lag og organisasjonar bidreg til helsefremjing og førebygging.

Venstre vil:

- bidra til stønadsordningar som kan søkjast av lag og organisasjonar som har tiltak som bidreg til helsefremjing og førebygging
- følge opp det nasjonale programmet - Program for folkehelse i kommunane - og inkludere heile Vestland fylke i programmet
- at fylkeskommunale bygg vert nytta utanom "vanleg opningstid" til både idrett og kulturaktivitetar
- ha ein tannhelsestruktur som gjev eit godt tilbod òg i distrikta
- innføre fylkeskontakt/koordinator for krigsveteranar i Vestland fylke
- innføre nullvisjon også mot sjølv mord

8. Samferdsle

God infrastruktur er avgjerande for busetnad, miljø og næringsliv. Vestland Venstre har tre hovudprioriteringar i komande periode.

1. Trygge framkomelege vegar som reduserer reisetida internt i regionen; der trafikktryggleik får høgste prioritet, med ein nullvisjon i trafikkdrepane og hardt skadde.
2. Vidareutvikla kollektivtilbodet i heile fylket, og Bybanetilbodet i Bergen.
3. Enklare reiser gjennom gode digitale verktøy, samordna prissystem og forståeleg organisering.

Auka satsing på kollektivtransport, gåande og syklande er vesentleg for ein berekraftig vekst i Bergensregionen og dei større tettstadane våre. Me vil at fleire skal kunna velja kollektivtransport framfor bil. Me vil sørgja for betre korrespondanse innafor kollektivtransporten, og ønskjer rimelegare kollektivtransport i heile fylket.

Venstre vil arbeide for at viktige samferdsleprosjekt i regionen vert prioritert høgare i Nasjonal Transportplan. Venstre vil leggja vekt på gul midtstripe, rassikring, ferjeavløysingsprosjekt, auka vegvedlikehald, og utvikling av framtidretta ferjetilbod tilpassa folk og næringsliv. Dette må prioriterast først i Vestland Fylkeskommunes innspel til Nasjonal Transportplan.

Vidare vil Venstre prioritere utbygging av veg/jernbane mellom Bergen og Voss (K5) og gul midtstripe på E39.

Me treng vidare utbygging av den digitale infrastrukturen for å kunna nyttiggjera oss heile fylket og hevda oss i konkurransen om oppdrag og arbeidskraft både nasjonalt og internasjonalt.

Mobilitet

Venstre vil:

- leggje større vekt på miljø og kvalitet i anbodskriteria
- utvikle båtutetiltaket slik at det vert tilpassa lokale behov og korrespondanse med annan kollektivtransport, slik at kystsamfunna våre kan fungera best mogeleg
- vurdera andre former for serviceskyssordningar enn ordinære rutebussar
- byggje ut innfartsparkering ved utvalde kollektivknutepunkt
- arbeide for eit felles billettsystem på all kollektivtrafikk i fylket
- innføre færre soner innan kollektivtilbodet i heile Vestland
- ha harmonisert, rimelig kollektivtransport i heile fylket, samt redusert takst i sone A
- ha som mål å utvide «trygt heim-ordninga»
- at det skal vere gratis for born å reisa med kollektivtransport ut barneskulen
- at ungdomskortet skal vere tilgjengeleg for ungdom frå ungdomsskulen og ut året dei fyller 20
- at studentkortet skal vere eit rimeleg alternativ, og skal gjelde heile Vestland
- ha eit kollektivtilbod med tilrettelagt korrespondanse i kommunane
- ha samsvar mellom utvikling av kollektivtilbod og innkrevjing av bompengar for utbygging av kollektivtilbod, sykkel og gange i samband med byvekstavtalar
- gje bussen prioritet i lyskryss
- at all offentleg transport skal vere universelt utforma
- at Vestland skal prøve ut nye mobilitetsløysingar, og at regelverket må tilpassast dette
- føra ein drosjepolitikk som kan gjera det mogleg å leva som løyvehavar og/eller drosjesjåfør i eit fornuftig regulert konkurransesystem
- at drosjenæringa må ha same klimamål som anna kollektivtransport
- ha kollektivtilbod på kveld og ettermiddag til alle campus i Høgskulen på Vestlandet utanfor sentrum.
- etablere eit samarbeidsorgan og eit avtaleverk som sikrar at Bergen Kommune og kommunane i fylket vert sikra å bli høyrde, og for å påverka utviklinga av kollektivtilbodet i sin kommune/region
- ha bysyklar i fleire tettstader i Vestland, også tilknytt campus-områda, universiteta og dei vidaregåande skulane
- knyta bysyklar opp til månadskort gjennom ei rabattordning i dei kommunar det gjeld
- byggje vidare på dagens flyplass-struktur som viktig for næringslivet i Vestland og for elektrifisering av flytrafikken

Fylkesvegane

Venstre vil:

- prioritere trafikktryggleik og vegvedlikehald
- prioritere sambinding av det nye fylket gjennom ein effektiv kyststamveg
- sikre gode vegsamband austover for å ivareta næringslivet sine behov
- ha kortare reisetid til Bergen og dei andre regionsentera
- at det skal løyvast vesentleg meir midlar til rassikring, tryggleik og auka standard på fylkesvegane
- lage ein plan for veglys langs regionale skulevegar
- samarbeide med private aktørar, kommunar og stat om utbygging av sanitæranlegg og kvileplassar langs vegane

- ha trafikksikringstiltak som gjer at alle kan gå og sykle trygt til skule, jobb og fritidsaktivitetar
- stø opp om godkjenningssordninga «Trafikksikker kommune» og arbeida for at Vestland fylke skal bli godkjent som «Trafikksikker fylkeskommune»
- at det skal vere mobiltelefon- og DAB-dekning langs alle fylkesvegane inklusiv tunnelar
- at fylkeskommunen bør leggje til rette for at infrastruktur mellom kommunesentra vert best mogeleg når kommunane slår seg saman

Miljøvenleg transport og mjuke trafikantar

Venstre vil:

- prioritera utbygging av gang- og sykkelvegnett i kommunar med planverk på gjennomgåande gang og sykkelvegnett og/eller Sykkelfly-avtale
- at alle nye vegtrasear i tettbygde strom skal ha gang- og sykkelfelt
- bidra til endå betre infrastruktur for null- og lågutsleppskøyretøy
- stimulere til at tungtransporten, ferjene og båtane vert fossilfrie
- arbeida for at meir gods og folk vert transporterte på kjøl
- at fylkeskommunen aktivt skal samordna sin samferdsstrategi med kommunane slik at ein til dømes kan gjere det rimelegare å føra fram straum og vatn

Skinnegåande transport

Venstre vil:

- at lokaltrafikk på jernbanen Bergen-Voss må integrerast i kollektivopplegget
- arbeide for å ruste opp Bergensbana slik at reisetida Bergen-Oslo blir konkurransedyktig med fly
- arbeide for lyntogsatsing i landet, med hovudfokus på Vestlandsbana over Haukeli.
- byggje ut Bybanen til Spelhaugen og Åsane